

REFERAT FRÅ STYREMØTE TIRSDAG 05.05.20

Desse møtte:

Unni, Elin, Morten, Roy Åge og Olav.

Fråverande: Salah, Anne Karin, Marie, Knut Oddvar

Sak 1. Regnskap 2019

Regnskap for 2019 blei gjennomgått og godkjent slik det låg føre med noken få endringar.

Mi gjekk også gjennom åpne poster på fakturaer som ikkje er betalt. Unni sender purring og mi avset 15000 i regnskapet til muligens tap.

Unni får regnskapet revidert.

Sak 2. Budsjett 2020

Pga koronasituasjonen er det vanskeleg å vite korleis dette året vil bli og det er liten aktivitet i grupper og ingen arrangement nå pga det. Mi lager eit hovedbudsjett for 2020 i første omgang.

Sak 3. Medlemskontigent 2020

Styret legg fram forslag til årsmøtet om å endre den til kr 200 for voksne, kr 100 for barn. Ingen familiekontigent. Dette for å lette faktureringsystemet gjennom Min Idrett.

Sak 4. Fakturering aktivitetar 2020

Det har vore litt aktivitet i vinter, og spinning og zumba faktureres med kr 300 i vår. Mi fakturerer for dei andre gruppene seinare når mi ser meir kva som skjer i år.

Medlemskontigent blir fakturert via Min Idrett etter behandling av kontigenten i årsmøtet.

Sak 4. Årsmøte

Det blir skriftlig årsmøte i år pga koronasituasjonen. Sakliste med revidert regnskap, budsjett og årsmelding legges ut på facebook og heimesida og mi set inn annonse i VTB.

Dersom ingen merknader til sakene kjem inn, blir det vedtatt slik det ligg føre.

Sak 5. Idrettsbanen

Mi snakka om å asfaltere området mellom klubbhus og fotballbanen.

Dette vil gje mulighet til å bruke området til basketball, pølser til isbane om vinteren, pluss at det vil bedre reinhold ute og inne. Morten og Olav ser nærmare på dette, og Elin søker om prosjektmidlar til dette.

Når det gjeld reinhold så vil Elin snakke med Anne Karin (fotballgruppa) om det.

Unni Løken

Referent